



MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Tone Sævi, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, og Stein Hugo Fykse.

Varamedlemmer: Frøydis Rognsvåg Hansen.

Ikkje møtt: Odd-Arild Torstensen, Laila Byrkjeland Husa og Martin Karlsen.

Kommunal representant: Gidske Borge Kolltveit.

Frå kyrjekontoret: Evy Beate Uthaug og Leif Arne Økland.

Saksoversikt: F 05/24 – 10/24

F 05/24	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 09.01.2024
Vedlegg	Møteboka frå 09.01.2024 Innkallinga til møtet 09.01.2024
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

F 06/24	ORIENTERINGAR
	<ul style="list-style-type: none">• Kontorsituasjonen igjen Nytt møte 4. april• Diverse vedk. ferdigstilling av gravplassen Dato for vigsling satt til 16. juni etter gudstenesta

F 07/24	TENESTEYTINGSAVTALEN - GODKJENNINGSSAK
Vedlegg: Ny tenesteytingsavtale	<u>Bakgrunn:</u> Ny tenesteytingsavtale vart godkjent av kommunestyret på Fedje den 22. februar i år. I forkant av denne godkjenninga hadde AU ein gjennomgang med kommunalsjef Rolf Martin Raknes m. fl. om innhaldet i den nye avtalen. Ny tenesteytingsavtale byggjer på den gamle, men tilpassa endringar som har skjedd sidan 2020, då den førre avtalen vart godkjent.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>I den nye avtalen vert det avspegla at både løns- og rekneskapstenestene no er lagt til ein ekstern part. I den gamle avtalen ønskte Fedje kommune framleis å behalda lønskøyringa.</p> <p>Sidan vi ikkje lengre har kommunale kontor og sannsynlegvis heller ikkje kjem til å få tilbod om dette, er dette endra i den nye avtalen. Likevel er det stadfesta i avtalen at kommunen er ansvarleg for å leggja til rette for soknet sitt kontorbehov.</p> <p>Nytt er også dette med intensjonen om årleg evaluering av avtalen og at det ved usemje om tolking av innhaldet i avtalen er mogleg for begge paratar å be om nye forhandlingar. Det er lagt inn ein varslingsfrist på 3 månader for å kunna be om slik reforhandling.</p> <p>Elles er innhaldet frå den gamle vidareført; at vi får nytta oss av kommunen sin tekniske vedlikehalds og utgreiingskompetanse – og at oppgåver som må løysast i eit slikt samarbeid vert drøfta med avdeling for tekniske tenester, som avgjer kva for oppgåver som kan løysast innanfor denne ramma. Vidare at soknet kan få nytta kommunens innkjøpsordningar og møterom. (Elles står soknet fritt til sjølv å bestilla og betala for enklare former for diftsutgifter).</p> <p>Tenesteytingsavtalen er heimla i Trussamfunnslova § 14 3. ledd: der det står slik «<i>etter avtale med soknet kan kommunen yte tjenester i stedet for å gi tilskudd etter andre ledd.</i>»</p> <p>AU meiner dette er ein god avtale og er ikkje eit tilbakesteg i forhold til den gamle. Kommunestyret har allereie godkjent denne avtalen. Om soknerådet skulle bestemma seg for ikkje å godkjenna avtalen, må det i så fall grunngjevast og ein må be kommunen om nye forhandlingar.</p> <p>AU vil likevel tilrå at tenesteytingsavtalen vert godkjent.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje Sokneråd godkjenner med heimel i Trussamfunnslova § 14 3. ledd, ny framforhandla tenesteytingsavtale slik den ligg føre og som også vart godkjent i møte i Fedje kommunestyre 22. februar 2024.</i></p>
Vedtak:	Fedje Sokneråd godkjenner med heimel i Trussamfunnslova § 14 3. ledd, ny framforhandla tenesteytingsavtale slik den ligg føre og som også vart godkjent i møte i Fedje kommunestyre 22. februar 2024.

F 08/24	GODKJENNING AV REKNESKAPEN FOR 2023
	<u>Bakgrunn:</u>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>Rekneskapen for 2023 er no klar og vedlagt. Opprinneleg driftsresultat synte eit mindreforbruk på kr. 8.298,-. Eg har likevel vore i dialog med Aider om at inntekter til dåpsgåve i samband med skipsdåpen på Fedje på kr. 15.000,- i tillegg til basarinntekter på kr. 49.585,- må avsetjast på fond. Det betyr mindreforbruk på kr. 8.298,- er blitt til eit meirforbruk på kr. 56.287,-. Dåpsgåva på kr. 15.000,- skal setjast av på eit bunde driftsfond med formål «kyrkjeskip» etter gjevarens ønskje. Inntekter frå kyrkjebasaren vert sett inn på ubunde driftsfond under «basarinntekter».</p> <p>I forhold til rekneskapen for 2022, er det ein auke i lønsutgifter. Samstundes har vi også aukte inntekter i form av tilskot frå kommunen og andre gåver/innsamla midlar. Rammetilskotet frå kommunen for 2024 er redusert med kr. 40 000,- sidan vi ikkje betalar husleige for å ha kontor i kyrkja. Vi fekk også eit ekstra tilskot frå kommunen på kr. 50 000,- som var ein kompensasjon for ekstra utgifter til revisjon av tidlegare rekneskap. I tillegg til det sentrale tilskotet til trusopplæring, har soknet også fått eit eingongstilskot for å gjennomføra kyrkjevalet. Samla sentralt tilskot er kr. 68.968,-.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u></p> <p><i>Fedje sokneråd godkjenner, med atterhald om revisjonen sin gjennomgang, Fedje sokn sin rekneskap for 2023, med eit samla meirforbruk på kr. 56.287,-. Beløpet vert dekkja inn frå ubunde driftsfond.</i></p> <p><i>Gåve kr. 15.000,- vert av sett til eit nytt bunde driftsfond med tittelen «kyrkjeskip». Denne gåva er gitt med dette atterhaldet.</i></p> <p><i>Innsamla midlar til kyrkjebasar kr. 49.585,- vert overført ubunde driftsfond under overskrifta «basarpengar».</i></p>
Vedtak:	<p>Fedje sokneråd godkjenner, med atterhald om revisjonen sin gjennomgang, Fedje sokn sin rekneskap for 2023, med eit samla meirforbruk på kr. 56.287,-. Beløpet vert dekkja inn frå ubunde driftsfond.</p> <p>Gåve kr. 15.000,- vert av sett til eit nytt bunde driftsfond med tittelen «kyrkjeskip». Denne gåva er gitt med dette atterhaldet.</p> <p>Innsamla midlar til kyrkjebasar kr. 49.585,- vert overført ubunde driftsfond under overskrifta «basarpengar».</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

F 09/2024	GODKJENNING AV ÅRSMELDINGA FOR 2023
	<p><u>Bakgrunn:</u> Årsmeldinga for 2023 er vedlagt (vert ettersendt)</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> Årsmeldinga til Fedje sokn vert godkjent slik den ligg føre.</p>
Vedtak:	Årsmeldinga til Fedje sokn vert godkjent slik den ligg føre.

F 10/2024	BUDSJETT 2024
	<p><u>Bakgrunn:</u> Budsjettet for 2024 vert no framlagt. Vi har dei to siste åra har hatt både eit mindreforbruk og i fjor eit meirforbruk på drifta. Den generelle løns- og prisveksten vil bli endå meir merkbar i 2024. Dette har også samanheng med at det kommunale tilskotet har lik kronesum for tredje året på rad. Det vil seia at det er kr. 40.000,- mindre i 2024 enn dei to foregåande åra. Dette har samanheng med at soknet slepp å betala husleige til kommunen, som vi gjorde då vi hadde kontor i Hjartebanken. Denne utgjorde kr. 40.000,-. Dermed er det kommunale tilskotet kr. 1.085.000,- og ikkje kr. 1.125.000,-.</p> <p>I tillegg til den generelle lønsauken må vi styrka trusopplæringa. Vi har ein trusopplærar på timebasis. Denne ressursen har vi ikkje fått brukt i samme grad som var ønskjeleg i 2023. Dette skuldast naturlege omstende rundt svangerskap og fødsel. Dette vil også generera auka lønskostnader i 2024.</p> <p>Det har skjedd ei feilføring hos Aider når det gjeld festeavgiftene. Ein betydeleg del av desse er inntektsført som bladpengar, medan posten for festeavgifter syner eit for lågt beløp. Aider kjem til å justera dette og senda eit justert rekneskap. Dette påvirkar likevel ikkje den økonomiske balansen.</p> <p>Ein potensiell inntektsauke ligg i å få til ei justering av festeavgiftene. Ein må uansett inn og finna kostnadsnivået på dette med gebyr for å få opp namneplate på minnelunden. Samstundes bør ein sjå på festeavgiftssatsane med det same. Desse har ikkje vore justerte dei siste åra. Dette bør vera ein dialog vi har med kommunen. Vi bør vurdera å skru opp prisen vesentleg på reservering av grav og utanbygds gravlegging. Dette kan medvirka til at vi får ein auke i forekomsten på bruken av urner. Til dømes at den første av to partnarar vel kistegrav og den neste ei urne. Dette vil vera</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>plassbesparande. Alt dette i ei langsiktig tenking om at gravplassen på Fedje aldri meir skal utvidast fleire gonger.</p> <p>Slik stoda er no vil det ikkje vera mogeleg å få budsjettet i balanse utan å ta av disposisjonsfondet.</p> <p>Dette er naturleg nok ikkje bærekraftig og kommunen bør i neste runde auka rammetilskotet i forhold til dagens nivå.</p> <p><u>Framlegg til vedtak</u></p> <p><i>Fedje sokneråd godkjenner framlegg til budsjett for 2024, sjølv om det vil medføra at ein stipulerer eit uttak frå tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk på kr. 80.000,-. Fedje sokneråd ber om at budsjetttramma for 2025 vert oppjustert, slik at soknet har eit rammetilskot som er bærekraftig og heldt tritt med løns- og prisveksten, samstundes som kyrkjekontoret er i dialog med kommunen om korleis ein kan auka eigne inntekter.</i></p>
Vedtak:	<p>Fedje sokneråd godkjenner framlegg til budsjett for 2024, sjølv om det vil medføra at ein stipulerer eit uttak frå tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk på kr. 80.000,-. Fedje sokneråd ber om at budsjetttramma for 2025 vert oppjustert, slik at soknet har eit rammetilskot som er bærekraftig og heldt tritt med løns- og prisveksten, samstundes som kyrkjekontoret er i dialog med kommunen om korleis ein kan auka eigne inntekter.</p>

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Tone Sævi, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, og Stein Hugo Fykse.

Varamedlemmer: Frøydis Rognsvåg Hansen.

Ikkje møtt: Odd-Arild Torstensen, Laila Byrkjeland Husa og Martin Karlsen.

Frå kyrkjekontoret: Evy Beate Uthaug og Leif Arne Økland

Saksoversikt: S 07/24 – S 10/24



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

S 07/24	GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ 09.01.2024
Vedlegg: Referat og innkalling	Møteboka frå 09.01.2024 Innkallinga til møtet 13.03.2024
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

S 08/24	ORIENTERINGAR
	<ul style="list-style-type: none">• Vigsling av gravplassen 16. juni etter gudstenesta, invitere lokale kor, sende ut invitasjoner til kommune, entreprenør osv.• Oppstart av barnekor Ishbel og Arild Salte ønskjer å starte opp med barnekor før sommaren, med øving i kyrkja.• Anna: Fjon Fjellkyrkje, misjonsavtale, konfirmantfest Fjon Fjellkyrkje og misjonsavtale vart ikkje tatt stilling til. Konfirmantfest 21. mai i Sankarens løe. Amelie og Stein Hugo har regien.

S 09/24	KVARDAG OG HELG – KORLEIS AUKA INNTEKTENE?
	<p><u>Bakgrunn:</u> Saka har vore til drøfting på dei siste møta i soknerådet. Dette er også ei drøftingssak. På sist møte tok ein meir for seg dette med innhaldet i bladet. No ønskjer ein å finna meir ut av korleis ein kan auka inntektene til Kvardag og Helg. Det er også gjort eit grep om å finna eit nytt trykkeri, der Evy har innhenta eit tilbod frå Reklamehuset, som også har ein lågare kostnad enn det det kostar å trykka bladet hos Trykkservice.</p> <p>Folk på Fedje har ikkje vore så vane med å tenkja at bladet har ein kostnad. Med dette vert soknerådet utfordra på å gå vidare med drøftinga på korleis ein kan auka inntektene.</p>
	<p>Sagt i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none">• Etablere kontakt med «fotograf» til fremside og andre bilder• Kontakt med skule ifht. elevinnlegg• Ønskje om fast spalteplass til informasjon frå soknerådet• Samarbeid med kommune? (kommunal info)• Synleggjere kostnad pr. blad på fremside? Eller i eit innlegg?• Gjere bladet tilgjengelig digitalt? (på heimeside/facebook)• Abonentordning? (for å få ned antall trykte eksemplarer)



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

S 10/24	FEST FOR 50 OG 51 ÅRS KONFIRMANTAR
	Drøftings sak utan framlegg til vedtak. Oppstart av planlegging på festen for 50 og 51 års konfirmantane, som ein har annakvart år.
	Det vart ikkje tid til å drøfte saka.